



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

2/2018

NOVEMBER • ÅRGANG 25



Grøne pakketips

Les meir på side 7.

Brannfokus

Les meir på side 5.

God start for plastinnsamlinga

På eit halvt år har bosbilane samla inn over 200 tonn plast frå hushaldskundane i Sunnhordland. – Ordninga fungerer godt, synest Anita Torkelsen på Moster.

Les meir på side 2. og 3.

Kvinnherad best!

Sidan innføringa av henteordninga for plast i april, har bosbilane samla inn meir enn 200 tonn plast heime hos SIM-kundane i Sunnhordland.

– Sunnhordlendingane er kjempefinke å sortera plast! Me har henta inn over 200 tonn plastemballasje sidan oppstart i april. I tillegg er det levert inn ca 40 tonn på våre miljøsentralar. Med tanke på kor lite plasten veg, er det veldig bra. Me snakkar om eit rimeleg stort volum, smiler Arild Vik, driftsleiar for innsamling i SIM.

Kvinnheringane best

Så langt har Kvinnherad vore best i klassen.

– Kvinnheringane har åleine levert inn 55 tonn plastemballasje - altså mest av sunnhordlandskommunane om ein reknar per innbyggjar. Knallbra, seier Vik.

Han minner om at ved å sortera ut og samla inn plast, så blir materialet sendt via Grønt Punkt si returordning for plastemballasje.

Mange godord

Han seier at SIM stort sett berre har fått positive tilbakemeldingar på den nye henteordninga for plast. Eit par småhumpar i vegen har det likevel vore.

Nokre kundar har vore plaga med at fuglar dreg ut plast frå sekker som er sette ut, medan andre opplever at sekkene blès avgårde, seier Vik



Tips til sortering av plastemballasje

Slik går du fram:

- Samla rein og tørr plastemballasje i ein sekk for plastemballasje (som du får av SIM).
- Plasser sekken ved papirdunken på tømmedagen for papir- og plastavfall. Sørg for at sekken ikkje vert teken av vinden.



Behov for ny rull?

Knyt ein plastembaljesekke på papirdunken. Då vil bosbilsjåføren leggja ein ny rull oppi dunken etter tømning. Du kan også henta deg ein ny rull på næraste miljøsentral.



Bruk sunn fornuft

- Krevst det for mykje tid og vatn for å reingjera plasten, er det faktisk betre å kasta han i restavfallet. Bruk sunn fornuft!
- Plastemballasje med sølvfolie innvendig, t.d. kaffiposar og chipsposar, skal i restdunken.
- Er du i tvil om emballasjen kan gå i sekken, kast den i restavfallet.

Nokre tips til deg dersom du opplever utfordringar med plastsorteringa:

- Få ein krøk hos SIM til å festa sekken på dunken.
- Sørg for at det IKKJE er matrestar/lukt i emballasjen som vert lagt i sekken.
- Legg ei not/anna over sekken for å halde fuglar/dyr vekke.
- Levèr plasten på miljøsentralen som før.
- I verste fall, avslutt sorteringa og kast plasten i restavfallet.



– Kjempeordning!

Anita Torkelsen på Moster er strålende nøgd med å kunna kjeldesortera plast og få avfallet henta av bosbilen.

– Etter å ha sortert ut plast og køyrt han til miljøsentralen på Heiane i fleire år, vart eg glad då SIM innførte henteordning for plastemballasje. Eg synest ordninga fungerer godt. Resultatet av sorteringsjobben ser me både i den fulle plastsekken som vert sett ut saman med papirdunken, men også i form av mykje betre plass i restavfallsdunken, fortel Anita Torkelsen.

Ho og familien har gjort det til ein del av kvardagsrutinane å sortera og vaska plastemballasje.

– Det er forbausande lite som må gå i restdunken. Det aller meste av platen går an å vaska på ein grei måte. Dei få unntaka som endar opp i restavfallet er gjerne plast som har vore innpakking rundt marinert kjøtt, for den har vist seg ekstra vanskeleg å få rein, fortel bømblingen.

Trebarnsmora er oppteken av miljøet, og ser kjeldesorteringa som eit viktig tiltak for å sikra at både plast og anna avfall blir ivareteke på ein god måte.

– Det er skremmande å sjå kor mykje plast som ligg langs vegar og strender. Som mor og skulesekretær kjenner eg på eit ansvar for komande generasjonar, og ønskjer å vera ein god rollemodell gjennom gode avfallsrutinar, seier Anita.



Kor hamnar platen?

- Grønt punkt Norge sender om lag 80 % av platen til anlegg i nord-Tyskland. Der vert platen sortert i ulike kvalitetar for så å gå inn i ny plastproduksjon. Dei resterande 20 % går til energigjenvinning.

Sidaan ayaad u kala soocaysaa qashinkaaga

«Slik sorterer du avfallet ditt» lyder overskrifta på vår nye sorteringsguide. Somalisk, brukt i tittelen over, er eitt av dei ti språka guiden er tilgjengeleg på.

Uansett morsmål, det skal vera lett å sortera avfallet på rett måte. Derfor har SIM i ei årrekke publisert sorteringsguiden vår på fleire språk. Når denne no er oppdatert i tråd med den nye henteordninga, som også inkluderer

plastemballasje, har me også gjort guiden tilgjengeleg på endå fleire språk: Norsk, engelsk, tysk, spansk, fransk, russisk, polsk, litauisk, arabisk og somalisk.

Du finn sorteringsguiden på nettsida vår www.sim.as, eller du kan plukka med deg eit eksemplar på ein av miljøsentralane våre. Har du behov for å få sorteringsguiden tilsendt i posten, kan du ringa oss på **53 45 78 50**.



Delte ut gule og raude kort.

SIM har i haust gjennomført storkontroll av biodunk-innhaldet i alle SIM-kommunane.

– Me ser at sorteringa har blitt litt betre i kjølvatnet av aksjonen, men me har framleis eit stykke igjen før me er i mål, fortel driftsoperatør Einar Breivik.

– Dei aller, aller fleste er veldig flinke og sorterer rett, men me registrerer at det dessverre er ein del som ikkje gjer det, uttalte plan- og kommunikasjonsansvarleg Janne Hillersøy då SIM i midten av september starta ein storstilt kontroll av innhaldet i biodunkar i alle SIM-kommunane.

Gule og raude kort

I aksjonen nytta SIM eit velprøvd system der kontrolløren merkar dunkar med feilsortert avfall.

Første gong det skjer, får kunden berre ei «åtvaring» i form av ein gul lapp på dunken. Dersom SIM oppdagar at feilsorteringa gjentek seg, får kunden ein raud lapp – og då vert dunken heller ikkje tømt.

På denne måten har ein del av kundane våre fått seg ein vekkjar, seier Einar Breivik, driftsoperatør på kompostanlegget i Svartasmåget.

Han meiner aksjonen har hatt ein viss effekt, men gjentar oppfordringa SIM har kome med i mange år: – Ver medviten på kva du kastar i biodunken, og bruk komposterbare papir- eller maisposar til å ha avfallet! Dette gjeld heile året, ikkje berre når me har kontroll.



Bruk komposterbare bioposar!

For at me skal kunna nytta bioavfallet ditt i kompostanlegget vårt, må du samla avfallet i komposterbare bioposar laga av **papir** eller **maisstivelse**.

Handleposar av plast er ikkje av ein slik kvalitet at me kan bruke dei i vårt anlegg, uansett kor biologisk nedbrytbare somme av handleposane skal vera. Dei øydelegg komposteringsprosessen, og etterlet seg plast i den ferdige komposten.

Tips til biodunken:

- **IKKJE** bruk posar av plast i dunken. T.d. handleposar frå REMA, KIWI, MENY osv.
- Glas og metall skal **IKKJE** i biodunken. Glaset er vanskeleg å solde ut av komposten.
- Unngå varm mat/smør i bioposen, dette svekkjer kvaliteten på posen.
- Ta heile biospannet med deg når du skal tømme det i dunken, så unngår du at posen rivnar.



✓ Kva skal i biodunken?

Til dømes:

- Matrestar av alle slag
- Kaffigrut, kaffifilter, teposar
- Eggeskal, restar av reker og andre skaldyr
- Visne blomar, gamle potteplantar (utan potte!)
- Lauv, hageavfall, sagflis
- Kjøkenpapir, papirserviettar
- Eggekartongar i mindre mengder
- Bein, fjør

✗ Kva skal ikkje i dunken?

Til dømes:

- Glas
- Plast
- Metall
- Drikkekartongar
- Farleg avfall
- Elektrisk- og elektronisk avfall (EE)
- Impregnert eller måla trevirke
- Slakteavfall
- Bleier
- Hundeposar

Pass på brannfaren

Avfall kan ta fyr, både i dunken din heime og på avfallsanlegget. Her er to grep du kan gjera for å redusera brannfaren.

EE-avfall høyrer ikkje heime i restavfallet

Alle batteri, uavhengig av kjemisk samansetning, form eller storleik, vil innehalda litt restenergi når dei blir kasta. Dersom polane kjem i kontakt med kvarandre eller med metall, er det fare for kortslutning og brann.

For å redusera denne faren, er det to enkle hugsereglar:

1. Ikkje kast batteri eller anna EE-avfall i restdunken – lever dei på miljøsentralen eller i butikken der dei er kjøpt
2. Set ein tapebit over batteripolane etter avslutta bruk. Då unngår du at polar kjem i kontakt dersom du samlar opp fleire batteri i påvente av levering til miljøsentralen, og du redusere også brannfaren på batteriet si reise frå innsamlingspunkt til gjenvinningsanlegg.



Flytt bosdunken vekk frå husveggen

Kvart år skjer det ulukker som følgje av at det oppstår brann i bosdunkar som er plasserte inntil husveggar. Norsk brannvernforeining, Direktoratet for sikkerheit og beredskap og Finansnæringsas hovudorganisasjon tilrår derfor at avfallsdunkar blir plasserte minst fem meter frå ytterveggen, uansett bygningstype.

Forsikringsselskapa kan også setja krav til plasseringa av avfallsbeholdarar, så sjekk kva din forsikringsavtale seier om dette. Om du opptreer uaktsamt, kan i verste fall forsikringsselskapet setta ned erstatninga di om det skulle oppstå ein brann.



Hjelp oss med å koma fram!

Vanskelege vinterforhold med snøfall og glatte vegar kan gjera det ekstra krevjande for bosbilsjåførane våre å halda ruta og få tømt dunken din til rett tid.


For å bidra til at avfallsinnhentinga går så smidig som råd også på kalde vinterdagar, gi gjerne sjåførane ei hjelpande hand ved å måka ubruytt vegar og snuplassar. Kanskje kan du også hiva ut litt strø på glatte parti?

Om våren/sommaren er det atgrodde vegar, greiner og buskas som er problemet. Dette gjeld, særleg for slambilen som køyrer innom mange hus. Sag difor ned/vekk dette, slik at bilen kjem fram, slike bilar kan vera opp mot 4 meter høge.



Faktisk pålegg renovasjonsforskriftene eigarar og bruksrettsinnehavarar av private vegar både å måka og strø – slik at bosbilen kjem fram. Men me synest no det er aller best å sjå på ein slik ekstrainsats som ei hjelpande hand til både sjåførane våre, naboane dine, og ikkje minst deg sjølv.

Visste du at?



SIM har ein eigen app som varslar deg **kva dunk** som skal ut **kva tid**.

Last ned appen i **Google Play™** eller **App Store®**.

Bruk **blanke sekker** på miljøsentralen. Du får dei gratis på miljøsentralen eller du kan kjøpe dei på butikken.




HEIM



Ta dunken med deg **heim etter tøming**.

Dunken må ikkje fyllast så mykje at du ikkje får igjen loket. Då vert det forsøpla kring dunken, noko som trekkjer til seg **skadedyr som fugl og rotter**.



Hyttekonteinarane skal berre **nyttast av dei som har hytteabbonnement**. All anna bruk av konteinarane er misbruk av ei ordning som andre betaler for.

Det er til tider kameraovervåking




Du kan bruka **kort som betalingsmiddel** ved alle våre miljøsentralar.



Myteknusaren:

1. Det er ikkje vits i sortera, alt vert tømt i samme bilen uansett.

SIM har bosbilar med to kammer og det ser dermed ut som om alt vert blanda, men avfallet hamnar i to ulike rom og vert ikkje blanda.



2. SIM tener pengar på at folk gjer jobben for dei.

SIM tener ikkje pengar på at innbyggjarane sorterar avfallet sitt. Alle inntekter SIM har går tilbake til abonnentane ved at me kan halde gebyret nede.

3. Vinninga går opp i spinninga for boset vert kjørt til utlandet.

Når avfall vert sendt over landegrensar på den måten vert det som regel sendt med returtransport. Det vil seia at bilane som har avfallet med seg er i Noreg likevel for å levere varer. I staden for at dei kjører tomme tilbake vert dei nytta til returtransport.




4. Alt avfallet går i samme ovnen til slutt

SIM sender alt avfall som er sortert til gjenvinning.

5. Det er aldri nokon som vinn i kartong-lotteriet.

Jo da, det vert trekt vinnarar ein gong i kvartalet som vert sendt inn til det nasjonale lotteriet. Totalt blir det utdelt 120 premier à kr 10.000,- og 4 premier à kr 100.000.



Du grønne glitrande gåve, god dag!

I beit for gode idear til julegåvehandelen? Her får du nokre tips til miljø- og klimasmarte gåver du kan gi vekk med godt samvit.

Gi noko brukt

Sjekk kva du har heime, eller søk på finn.no eller Facebook

- Brukte leiker og klede (Lego og Brio-togbane er to tidlause favorittar)
- Brukte data- eller brettspel
- Bøker
- Vinylplater



Gi utleige, reparasjon eller redesign

Sjekk til dømes www.leieting.no

- Ei valfri veke med leige av elbil
- Ei valfri veke med leige av hytte
- 3 timar reparasjon, etter mottakars ønske og behov
- Redesigna møblar eller klede

Gi mat og drikke

Gode smaksoppleingar er kjekke å gi og få, ikkje minst om dei er heimelaga!

Gi delegåver

- Ei veker utlån av bilen/båten/bubilen/elsykkelen din
- To veker utlån av kajakkar med tilbehøyr, telt og soveposar
- Ei veke med barnepass
- To års utlån av 10 m2 lagringsplass i bua di
- Nokre års utlån av 30 m2 hageareal til grønsaksdyrking
- Sjølvplukk av 5 kg eple/rips/plommer
- Utlån av vedkløyvar, inkludert eventuell hjelp

Gi eit abonnement

- Abonnement på matkasse i ei veke
- Abonnement på magasin eller avis (elektronisk)
- Abonnement på Netflix, HBO eller andre straumetenester for film og seriar, med forslag til fem seriar du sjølv anbefalar
- Abonnement på Spotify, YouTube, Tidal eller andre musikkstraumetenester
- Abonnement på lydbøker

Gi ei oppleving

- Kino
- Konsert
- Leige av seglbåt/kajakk/kano ei valfri veke
- Eitt års medlemskap i næraste kano- eller kajakk-klubb
- Hobbykurs
- Dansekurs
- Ridekurs
- Timar med personleg trenar

Gi ei etisk julegåve

- Redd Barnas støtte til barn på flukt
- Kirkens Nødhjelps gåver til lys, reint vatn, geiter mm.
- Plans gåver med meining

Kjelde: *Framtiden i våre hender*

SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmogvegen 219
N-5419 Fitjar

OFFENTLEG INFORMASJON

Klar for ny julekalender?

Responsen på fjorårskalenderen var så god, at dette har me lyst til å gjera igjen.

1. desember er me difor klare med opning av den aller første luka i julekalenderen for 2018.

Vil du vera best mogleg rusta til å svara på spørsmåla, kan du allereie no byrja å pugga SIM-fakta og lesa deg opp på tema rundt avfall.

Kva du kan vinna ved å svara rett, blir opplyst når kalenderen startar opp på www.facebook.com/SIMrenovasjon

Plukkanalyser av avfallet

I veke 45 vil SIM gjennomføre plukkanalyser av restavfallet og bioavfallet frå hushaldskundane.

Dette for å kunne gje oss ein peikepinn på kva potensiale me har for å sortere ut fleire fraksjonar. Mellom anna vil me ha fokus på kor mykje glas – og metall som hamnar i dette avfallet, og kor mykje tekstilar me finn. Analysane vil gå føre seg på vårt omlasteanlegg på Heiane, Stord.

01 Desember	02 Desember	03 Desember
07 Desember	08 Desember	09 Desember
13 Desember	14 Desember	15 Desember
19 Desember	20 Desember	21 Desember
04 Desember	05 Desember	06 Desember
10 Desember	11 Desember	12 Desember
16 Desember	17 Desember	18 Desember
22 Desember	23 Desember	24 Desember



OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.–31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00
Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.
Perioden 1. okt.–31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 12.00-18.00
Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.–31. mars.:
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00
Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00
Laurdag kl. 09.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.–31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmogvegen 219
N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as